



## SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		

## Oppstart - Landbruksplan 2024-2027 for Vinje kommune

### Vedlegg

1 Landbruksplan for Vinje kommune 2015-2019, vedteken i kommunestyret 17.12.2015

### Dokument i saka

Kommunal planstrategi for Vinje kommune 2020-2023

Kommuneplanens samfunnsdel Vinje kommune 2016-2035

### Bakgrunn

Landbruksplan for Vinje kommune blei første gang vedteke i 2004. Den har sidan blitt rullera fleire gonger – og den siste versonen gjekk frå 2015- 2019, jf vedlegg.

I følgje planstrategi for Vinje kommune 2020-2023 har kommunestyre vedteke at landbruksplanen skulle ha blitt revidert i 2020. Eksisterande plan er med andre ord nokre år no – og det er på høg tid at det blir sett i gong ein prosess for å fornye denne. Opphavleg rulling er på etterskot. Planen skulle også på nytt reviderast i neste KS-periode - det vil seie for det nye kommunestyre 2024-2027.

Ein landbruksplan skal vere eit politisk styringsverktøy, og syne næringa sine prioriterte tiltak i ein periode. Administrasjonen nytte planen som eit reiskap for å nå måla i planen.

Planen skal syne situasjonen i landbruket i dag, peike på utfordringar og ikkje minst det som er mogleg å få til. Planen skal også til aktuelle tiltak, prioritering og peike på kven som skal ha ansvar for dette. Landbruksplanen skal vere i tråd med endra nasjonale og regionale føringar og lokalpolitiske planar og vedtak.

### Vurdering

Eksisterande plan har i mange år vore eit godt arbeidsreiskap for landbruksforvaltninga i Vinje – og har til dømes gjeve grunnlag for gode tiltak for å utvikle og fornye landbruksnæringa i kommunen. Planen har vore framtdsretta - og mykje er fortsett aktuelt. Men sidan 2004 har det og skjedd store endringar i både landbruket, landbrukspolitikken i Vinje og samfunnet elles. Det kan til dømes nemnast teknisk og digital utvikling, endra klima og fokus på klimatiltak, auka kostnader, endra bruk av utmarka, sterkt fokus på jordvern, auka vekst i reiselivet og så vidare

I planstrategien blir det pekt på to hovudutfordringar som ein meiner det må arbeidast med i tida som kjem i samband med kommunale planar – og det er

- Klima, miljø og klimatilpassing
- Folketalsutvikling

Klima- og klimatilpassing er som det står i planstrategien ønska inn i kvar enkelt plan. Landbruket er utsett for klimaendringar – og blir nokre gongar sett på som problematisk i høve til den same situasjonen.

Det kan heller ikkje vere tvil om at levande bygder med husdyr og flotte kulturlandskap er noko av dei viktige verdiane landbruket leverar til samfunnet – og vil vere positivt for attraktivitet og ønske om å bu og kome på besøk i Vinje.

Samfunnsdelen av kommuneplan for Vinje har følgjande overordna målsettingar for landbruket:

- Me har eit sterkare landbruk med allsidig produksjon, der beitedyr er med og sikrar kulturlandskapet.

Elles blir det synt til i samfunnsplanen at menneska i Vinje er den største ressursen – og at «*Me støttar eldsjelene og dei som ønskjer å få til noko*». Dette gjeld ikkje minst for landbruket – og bør ha eit ekstra fokus i ny plan. Planen må vere motiverande og ha fokus på det positive ved landbruket.

Planen skal vere ein temaplan, med forslag til prosess:

1. Avklaring av rammer i budsjett for næringskontoret
2. Kunngjering av oppstart, med høve for innspel
3. Utarbeiding av ny/ revidert plan
4. Utkast til politisk handsaming (plan – og miljøutvalet)
5. Høyring/ offentleg ettersyn
6. Vurdering av innkomne uttaler og framlegg til endeleg plan
7. Slutthandsaming (PMU og kommunestyret)

Sjølv om oppstart skjer no, vil det nye kommunestyret få planen til endeleg godkjenning i tråd med planstrategien. Næringskontoret har engasjert Anne Guro Hommo for å skrive planen.

Under utarbeiding av utkast til ny plan vil landbruksorganisasjonar, politikarar, gardbrukarar, reiseliv og andre interesserte i Vinje og få moglegheit til å kome med innspel.

Rådmannen viser til kommunestyret sitt vedtak i strategiplanen om at landbruksplanen skal reviderast no, og tilrår oppstart med landbruksplanen 2024-2027. Planen skal følgje prinsippa som ein temaplan i tråd med i plan- og bygningslova kapittel 11.

### **Rådmannens framlegg til vedtak**

Vinje kommune melder om oppstart av arbeidd med landbruksplanen for perioden 2024-2027.

Saksframlegg er godkjent av , .